




Denne turvegen vart bygd ferdig våren 1997, for å opna for natur- og kulturopplevingar i eit frå før utilgjengeleg landskap.

This foot trail was completed in the spring of 1997 and was built in order to make a beautiful but inaccessible terrain available to both tourists and locals.



Rute og ymse av interesse

Terrang: Grusa traktorveg, fint også med barnevogn.
Tid: Ca. 1 - 1 1/2 time.

Ein tek av riksveg 13 ved kyrkja på Lofthus. Etter ca. 230 meter oppover er det brå vendekurve til venstre. Kjør forbi folkehøgskulen på høgre hand og vidare oppover til ein også får ein idrettsplass til høgre. Her er det parkeringsplass (1).

Frå parkeringsplassen går me på bilvegen oppover gjennom bustadfelt ca. 300 meter *nesten* fram til bru over elva (Dalsbrua) (2). Her står ei info.tavle som mellom anna viser ruta som me skal gå.

Lat oss først gå bort til sørenden av brua før me går vidare, og sjå oppover dei svære kampesteinane langs elve kanten og i området like ved. Her var ein av yndlingsplassane til komponisten Edvard Grieg når han skulle henta inspirasjon til musikkstykkane sine.

Det var her «Våren av Grieg» vart «unnfanga», i bruset frå elva i vårflaum og omkransa av storslått og vill natur. Som kjendt var Grieg mykje i Hardanger, og særleg på Lofthus.

Dersom elva går flaumstor når du går denne turen, så stopp litt og lytt der vegen går nær elvekanten. Ofte ved stor vassføring er det «steingang» i elva, d.v.s. at lause steinmassar vert flytta med elvestraumen-, med bulder og romling. Grunnen er at denne elva går gjennom store lausmassar som delvis rasar ut og vert flytta nedover heilt til sjøen.

Frå brua skal me no gå litt tilbake og til venstre oppover Tveitabrekka, den brattaste stigninga på turen. Etter stigninga flatar landskapet ut og vegen går over eit frodig jordbruksområde Tveitane. Dette er dyrka opp i nyare tid, og er eit verdfullt tillegg til fleire gardsbruk på Lofthus.

I det opne landskapet har ein fritt utsyn mot det mektige og ville fosslandskapet innst i dalen. Her møtest elvane Skrikjo og Opo, etter først å ha kasta seg utfor fjellbratte stup. Dette inntrykket vert berre sterkare etter som ein går mot fossane og brua ein skal over.

Me ser også rett mot den karakteristiske fjellnibba «Nose», 900 m.o.h. Ein gamal ferdsleveg til fjells går forbi «Nose», og både for turistar og fastbuande er dette eit mykje brukt turmål og ein framifrå utsiktsplass.

I det med forlet den dyrka marka, har me på venstre hand ei arkeologisk perle, eit oldtidsfunn som er heller sjeldan (3). Det er ein stor, jordfast stein med ei mengd offergroper av ulik storleik, - dei fleste som ein halv kaffikkopp. Gropene skal vera ca. 2 - 5000 år gamle, og vitnar om busetnad og aktivitet frå langt attende. Etter visse ritual vart det ofra til gudar og «høgare makter». Dette kunne vera for å få god jakt og fangst, verta «frukt-



Elvadalen.

Foto: Terje Aarsand

Route and places of interest

Terrain: Gravel tractor road - fine for children in prams.
Time: About 1 - 1 + hours.

Turning off Rv13 by the church at Lofthus, proceed about 230 metres to where the road turns sharply left. Drive past the county college on the right and proceed up the hill to the athletics field. Park here (1).

Follow the road from the parking area through the residential areas for some 300 metres. Just before the bridge Dalsbrua (2) there is an information board showing the route for this walk.

Before you start on the trail, go to the south end of the bridge and look at the giant boulders alongside the river. This was one of composer Edvard Grieg's favourite spots for getting inspiration for his music.

This is where he conceived the theme for "Våren" (or "Spring" in English), while listening to the mighty roar of the spring flood in a setting of wild and dramatic surroundings. As you know, Edvard Grieg spent much time in Hardanger, particularly in Lofthus.

If the river is swollen by mountain run-off while you are there, stop and listen where the road is near the river. At times of flood there is "steingang" or "stonewalking" in the river, as the water moves boulders in the riverbed downstream, eventually all the way to the fjord.

As you return from the bridge, turn left and climb up Tveitabrekka. This is the steepest climb of the walk. After this climb the terrain levels off and you are among well-tended fields and pastures, which collectively are called Tveitane. This area was cultivated quite recently and is a valuable addition to the resource base of several of the farms in Lofthus.

In the distance you can see the rivers Skrikjo and Opo cascading down the mountain to their confluence at the end of the valley. These waterfalls are particularly beautiful when seen from the open landscape of Tveitane,



bare» eller å vinna i strid m.m. Ein teori er at gropene vart fylte med smør som så smelta i vårsola og vart eit offer for god grøde.

Steinen er ein del forvittra, og er svært utsett for å verta øydelagd. *Ein må difor ikkje trå på steinen, men berre sjå på dei historiske minnesmerka!* Funnet vart gjort av ein som planta skog i området for omlag 40 år sidan.

Vegen/stien går vidare under bratte berg og noko stigning fram til bru over elva Opo (4). Her bør ein stoppa og nyta elv og fossar, høge og ville fjell tett innpå, fossedur og lysbrytingar. Dette til saman gjev ei storslått og særreigen naturoppleving som mange vil hugsa.

Ser ein oppover dalen, så har ein til høgre fossen Skrikjo (elva heiter det same). Frå venstre kjem elva Opo med fossar som «perler på ei snor», Melafossen, Bjødnabykse og Opo-fossen. I bratthenget mellom Opo og Skrikjo var det frå gammalt geitastøl og utslåtter, Gunnhildstøl. Gamle hus-tufter vitnar enno om tidlegare slekter si nøysemd og bruk av naturgrunlaget.

Like over brua, ved nordenden, går det ein «blindsti» nokre hundre meter oppover langs elva (skilt til Bjødnabykse), slik at ein kan koma enno nærare inn mot fossane.

Har me vorte høveleg våte og kalde av fossedrevet, ruslar me nedover på nordsida av elva. Først går veggen langs utslåttene Tellmyrane, med åpen mark og utløer. Det vart hausta før her fram til 1960. Høyet vart frakta heim på vinterføre.

Etter som me går nedover/vestover kjem me inn i planta granskog. Me passerar ein markert bakketopp, Kolgrovehaug (5). Namnet fortel om kolbrenning i «gamle dagar»,- den tid eigen innsats var avgjerande for å nå i heilt naudsynlege varer og hjelperåder.

Mot vest kan ein sjå landskapet på andre sida av Sørfjorden; Velure- og Jåstad-gardane og dei kjende (og frykta) Velureskredene.

Vegen går no i unnabakke gjennom skoglandskap, og flatar ut mot dalbotn og vegkrysset nord for Dalsbrua. No går me over brua og ned til bilen.

God tur - og velkomen att!

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som følgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

and as you approach the falls and the bridge below, the impressive view is gradually amplified.

Straight ahead you see the characteristic shape of the peak called "Nose". An old mountain trail goes by this peak, which at a height of 900 metres is a popular destination an lookout point for both tourists and locals.

On your left as you leave the cultivated land, there is a rather unique archaeological site (3). It is a large, partially buried rock with several small offering-pits in its surface. The pits vary in size but most of them are somewhat smaller than a teacup. These pits are from 2 - 5000 years old and bear proof of ancient religious activities in the area. The rituals and offerings probably served a variety of purposes such as good hunting and fishing, victory in battle, fertility and so on. We suspect there was a different deity for each purpose. It is theorised that the offering for a rich harvest was a dab of butter left in the pit to melt in the spring sun. The rock was discovered by someone who planted trees in the area some 40 years ago. The rock is quite eroded and is easily damaged, so *please just look at the historical monument and do not step on the rock!*

From here the road continues in a gentle climb below steep mountains to the bridge over the river Opo (4). You ought to stop here for a moment and absorb the impression of wild rivers and mountains, the roaring of the waterfalls and the rainbows in the spray. An experience long remembered.

When you look up the valley, the Skrikjo waterfall (same name as the river) is to the right. The river Opo approaches from the left, cascading through several waterfalls (Melafossen, Bjødnabykse and the Opo-Falls). In the old days there was a mountain shealing with pastures for goats and some hayfields in the steep area between the rivers. The remains of building-foundations still bear witness to the frugality of earlier generations and to their ability to survive on limited resources.

Just across the bridge on the north side, there is a sign for Bjødnabykse (Bear Leap) and a path leads another 200 metres up to the waterfall. It is a dead end and you must return the same way.

After having been properly drenched by the cold water spray, follow the river's north bank until you reach Tellmyrane, signified by open fields and several small hay barns. Hey was harvested here until the 1960's and was transported to the farm on sleds during winter.

Proceed down (and westward) you enter some areas planted with firtrees. There is a sharp ridge or hill crest here named Kolgrovehaug (5). The name means roughly "coal-pit-hill", indicating that charcoal was produced here in the old days. In a sparsely settled country local self sufficiency was a prerequisite for survival.

Looking west you see the other side of Sørfjorden with the farms Velure and Jåstad and the renowned (and feared) Velureskredene (Landslides).

The last part of the walk is downhill and through wooded landscape. The trail levels off as you near the bottom of the valley and the junction north of Dalsbrua. Just after crossing the bridge you are back in the parking area where you left the car.

Have a good walk - and welcome back!